

Kyrkjelydsbladet for Balestrand

Nr 2/3 – 2016

Årgang 46



INNHALD

Andakt av Brian Russell	s.3
Kyrkjelydsturen til Nesholmen	s.4
Intensivopplæring i bøn	s.6
Helsing frå biskopen:	
Reformasjonsmarkering 2017	s.8
Tid for tru med Luther-tema V-17	s.9
Kyrkjegardsdugnad i april	s.10
Kyrkjegardsvandring	s.11
Louise Nilsson tilsett som diakonimedarbeidar	s.12
Flygel i gåve til Tjugum kyrkje	s.13
Vindaug i Tjugum kyrkje restaurert	s.14
Ljos på Kvamsøy kyrkje til jul?	s.15
Kvamsøy – restaurering av kyrkjeskip	s.16
Konfirmantside	s.17
Tid for tru H-16: « då tida var fullkomen...»	s.18
Kirkens Nødhjelp: «La fleire fylla fem!»	s.20
Teaterframsyning om juleevangeliet	s.21
Brødrene Aa i Hyen	s.22
Kveldssongar ved Sognefjorden	s.24
Minne om jul på Ulvestad	s.25
Velkomen til julekonsert 2016	s.26
I glede og sorg	s.27
Dagstur til Hyllestad pinsa 2017	s.27
Gudstenesteplan	s.28

Kyrkjelydsbladet for Balestrand

Utgjeve av Balestrand sokneråd
Nr 2/3 -2016 46.årgang

Redaksjonsutval

Helge Eilifsen, Kjell Helland og
Jostein Risa (kyrkjeverje)

Abonnement

Normalt tre utgjevingar i året (vår, sommar/haust, jul)
Fulldistribusjon i kommunen i tillegg til ikring 80
utanbygds abonnentar.
Bladpengar: kr.200 per år (friviljug) til konto:
3805.10.32583.

Trykk / oppsett

Ingvald Husabø Prenteverk, Leikanger

Annonser

Små annonser kr.400, store annonser kr.750.
Heilside etter avtale.

Framsidedfoto:

Balestrand i vinterdrakt sett frå Saurdalen.
Foto: Erik Hoel



DEN NORSKE KYRKJA

Balestrand sokneråd

KONTAKTINFORMASJON

Balestrand kyrkjekontor

Kjerneopningstid:

Tysdag-fredag kl. 10 - 14

Sjøtunsvegen 6, 6899 BALESTRAND

Telefon: 57 69 15 48

E-post: kontor@balestrand.kyrkja.no

Heimeside: www.balestrand.kyrkja.no

Prost Kjetil Netland

(ansvar for prestetenesta i Balestrand)

Ring for avtale. Er fast i Sogndal tysdagar.

Telefon kontor: 57 69 16 80

Mobiltelefon: 911 03 134

E-post: sokneprest@balestrand.kyrkja.no

Kyrkjeverje/dagleg leiar Jostein Risa

80 % stilling

Telefon kontor: 57 69 15 48

Mobiltelefon: 920 60 832

E-post: kyrkjeverje@balestrand.kyrkja.no

Organist Jorunn Andrea Høines

24,5 % stilling

Mobiltelefon: 942 47 954

E-post: organist@balestrand.kyrkja.no

Diakonimedarbeidar Louise Nilsson

12 % stilling (Kafé Møteplassen)

Mobiltelefon: 901 15 667

Kyrkjelydspedagog

Rut Solveig Nydal Netland

25 % stilling i Balestrand

Mobiltelefon: 906 32 698

E-post: klped@balestrand.kyrkja.no

Kyrkjetenar Aleksander Dale

13,5 % stilling (Tjugum kyrkje)

Mobiltelefon: 974 08 434

Leiar i Balestrand sokneråd

Helge Ulvestad

Mobiltelefon: 971 06 001

E-post: helge.ulvestad@online.no

Vakttelefon Sogn prosti: 954 83 374

Kvardagar: 17.00-08.00

Helg/høgtid: Heile døgnet

I desse tidsromma er ein av prestane i prostiet i beredskap. Vakttelefonen nyttast om ein har bruk for prestetenester som ikkje kan vente (t.d. dødsbod, soknebod for døyande, sjelesorg/støtte i kritiske situasjonar.)

Heimeside: balestrand.kyrkja.no

Her finn du oppdatert gudstenesteinformasjon, konfirmantinformasjon, skjema for innmelding av dåp og vigsel, kyrkjegardsføresegner. Vidare kan du søkje etter gravlagde på kyrkjegarden, laste ned årsrapport, dette bladet i pdf-format osv.

Andakt



*Z.Topelius
og born av
Ville Vallgren.
Helsinki,
Finland.
Foto:
Daderot CC0,
via Wikimedia
Commons*

Mange ulike måtar å finne Gud på

Zacharias Topelius var ein nasjonalromantisk poet og forfattar i Finland på 1800-talet. Han oppmuntra born og unge si kristne tru, og som Hans Christian Andersen skreiv han historier for å hjelpe dei. For å ære han, er det sett opp ein statue i skuleparken i Helsinki og det er fascinerande å sjå skulpturen med seks menneske i full storleik.

Dei er alle samla rundt ei av Topelius sine barneforteljingar. Topelius er der som ein bestefar, men han les ikkje forteljinga si sjølv; det er ein av dei unge som les medan Topelius lyttar. Vidare er det ein annan av dei unge som kikkar over skuldra hans og prøver å lese historia sjølv, heilt oppslukt i boka. Den vesle jenta til venstre ser på opplesaren og høyrer nøye etter på forteljinga. Endå ei anna høyrer også etter medan ho ser opp på Topelius sjølv - som om ho gjennom historia fangar noko av forfattaren sin kristne visjon. Til sist er det også eit barn i utkanten som ser ein annan veg og ikkje ser ut til å ha noka tilknytning til det som skjer.

Denne statuen kan tolkast til å illustrere ulike måtar å finne Gud på, den Gud som er kjernen i historiene Topelius fortalde. Kven er då vi i denne skulpturen?

Er vi blant dei som søker førstehandskunnskap ved å sjå og lese forteljinga om Gud for seg sjølv, slik vi finn henne gjennom Jesus i bibelen? Korleis er historia om vårt liv ein del av Guds historie?

Er vi blant dei som har meir hjelp av at nokon les historia for oss og gjer henne levande slik at opplesaren leier oss inn i Guds nærvær? Kven er det som fortel oss den kristne forteljinga for å inspirere oss?

Er vi blant dei som i det vi høyrer den kristne forteljinga vert minna om Gud Fader og rettar tankane våre mot kjelda til alt som finst, Jesu far?

Kva med barnet i utkanten? Ofte kan det vere slik at Guds nærvær er der og gjer inntrykk på oss anten vi er medvitne om det eller ikkje. Seinare i livet kan vi finne ut at vi på ein eller annan måte vart rørt av forteljinga og har del i Guds nærvere i verda. Det å ta born med i kyrkja, sjølv før dei «forstår», opnar for at Guds nærvære kan påverke dei. Når dei veks og vert eldre, er det mange som oppdagar at dei har hatt ei tilknytning til Gud heile tida.

Til slutt litt om forfattaren Topelius i skulpturen. Han let nokon andre lese opp historia han har skrive. Han let dei formidle historia på sin måte og gleder seg over dei i det dei gjer det. Han overleverer til andre.

Slik er også Gud, vår Far. Gud overleverer og vaker over oss i det vi prøver å gjere liva våre til ei kristen forteljing for Gud. Jesus er temaet i historia vår, han er hovudpersonen Gud openberrar si sanning gjennom i bibelen. Den heilage Ande er som opplesaren som gjer historia om Jesus levande for oss i dei konkrete situasjonane vi står i i dag - i situasjonar der vi kan oppdage at Gud er verkeleg og til stades for oss.

Sjølvsagt møter vi Gud gjennom ulike tradisjonar også. Porvoo-avtalen har til dømes opna vegen for felles gudstenester i St. Olavs kyrkje i Balstrand og auka samarbeid mellom den anglikanske kyrkja i Noreg og Den norske kyrkja. Dette er vi svært glade for. Dette kyrkjefellesskapet ser ut til å berre vere starten på at Gud samlar oss alle - i Guds forteljing i verda i dag!

The Ven Dr Brian Russell

Senior Anglican Chaplain in Norway



Brian Russell er ansvarleg for den anglikanske kyrkja i Noreg.

På spørsmål frå redaksjonen har han sendt oss denne andakten som vi har omsett til norsk. Biletet under er frå felles gudsteneste i engelskkyrkja 2.pinsedag, 16.5.2016 (Foto: J. Risa)

Kyrkjelydsturen til Nesholmen

Den andre helga i september arrangerte Balestrand sokneråd sin sjette kyrkjelydstur og det vart heile 95 deltakarar med små og store som reiste til Gloppen og Nesholmen! Det er eit privilegium å kunne reise på leir med så brei deltaking i høve storleiken på kyrkjelyden! Det var 48 born og unge i alderen 0-18 år og 47 deltakarar over 20 år – av desse ikring ti over 60 år. Veldig kjekt var det også med femten deltakarar med bakgrunn frå Eritrea.

Oddvar Søvik underviste godt og inspirerande om bøn, sjå eigen artikkel side 6. I tillegg til undervisninga er ein slik tur viktig som fellesskapsbygger samanlikna med det å berre vere i lag på gudstenester eller møte: Ein har fleire måltid i lag og møtest i fritid og andre situasjonar. Barnefamiliane var også godt nøgde med både leikeplass, kanoar, mange andre born og godt, gjennomarbeidd barneopplegg ved kyrkjelydspedagog Rut Solveig. Ungdomane overnatta i lag med jamaldringar i fleirsengsrom i hyttene på holmen. Dei hadde også eige opplegg med prost Kjetil og laurdagskvelden var Henning Sagevik og Kristian Kyrvestad med på padletur med bål og grilling i haustnatta.

På fritida var det mykje å finne på, sjå bileta og s. 22 om omvising på båtbyggeriet til Brødrene Aa i Hyen. Det var kraftig vind og regn laurdags morgon, men etter bøn om godt og lageleg vær fekk vi fleire peridodar med flott vær til tur, leiking, padling og for dei tøffaste: bading.






Ny kyrkjelydstur 2018

Soknerådet har tinga Lyngmo ungdomssenter til kyrkjelydstur i september 2018, truleg 7-9. september. Soknerådet la vekt på at Lyngmo har plass til mange deltakarar, det er kort reisetid til Hafslo og vi har ikkje vore på kyrkjelydstur der sidan 2012. I tillegg til allereie gode fasilitetar har Lyngmo dessutan i 2016 fått på plass eit nybygg med heilt nye rom, fleire grupperom og flott gymsal.

Soknerådet har også drøfta talarar og har byrja spørje aktuelle personar.





Intensivopplæring i bøn

Tema for bibeltimane på kyrkjelydsturen var bøn, og det var inspirerende å lytta til Oddvar Søvik. Med bakgrunn i stillingar som bibelskulelærer, pastor og forsamlingsleiar illustrerte han poeng med sjølvopplevde hendingar. Då vart det lettare for lyttaren å hugsa det som var sagt og kanskje òg å la seg forma av budskapen.

Med eit deltakartal på 95 var det mange sambygdingar som møttest. Å få vera saman med andre når ein lyttar til bibelundervisning er verdfullt. Får Gud oss i tale, kan det påverka livskursen.

På kveldssamlinga fredag vart me ønskte velkomne av soknerådsleiar Helge Ulvestad, som håpa at alle ville



finna seg godt til rette og ønskte at bibeltimane skulle gje verdfulle impulsar.

Etter gode velkomstord tok Søvik fatt på første del av undervisninga, som var ein refleksjon over uttrykket «å be i Jesus namn». Det handlar om at grunnlaget for bøna er det Jesus har gjort for oss. Ved at han slettar brota våre, kan me venda oss til Gud i bøn. Men å be i Jesu namn er inga blankofullmakt, bøna skal også vera etter Guds vilje, og Guds vilje finn me i Bibelen.

Kva er eigentleg bøn? Eit kjent svar er at bøn er å lukka Jesus inn. Her er det verdt å merka seg at hjartedøra berre kan opnast innanfrå.

Når me er i naud, gir det trøyst å venda seg til Herren. Ofte kan dei nære problema verka overveldande og uløyslege og då krinsar gjerne òg bøna om desse. I slike høve kan takkebøn få oss på andre tankar. Det er alltid mykje å takka for, og gjer me det, blir merksemda flytta bort frå oss sjølve og over på Jesus.

Søvik ordla seg også slik: «Når me har vår stille stund ...» Å la trua prega dagsrytmen er til ettertanke. Gud ønskjer fellesskap med oss, og den stille stunda med bibellesing og bøn er nettopp ein slik arena. Då kan me med lytta til kva Gud vil seia oss. Får me ein tanke, kan me be: «Gud, dersom dette er frå meg, la meg gløyma det, men er det frå deg, minn meg på det.»

Mange bønemne vart nemnt, prestar, forkynnarar og leiarar spesielt. Alle desse treng forbøn.

Bønemøte kan også vera inspirerende - kva med

samtalebøn? Idéen her er at dei frammøtte ber ein setning kvar gong det er deira tur. Det kan også vera greitt at møteleiar fordeler bøneemne mellom dei frammøtte. I det heile oppmoda han til å vera oppfinnsam, slik at det blir variasjon. Det er fint om bønemøta får ein slik karakter at det blir eit ønskje om å delta for å erfara Guds nærvær.

I nokre situasjonar kan det vera krevjande å formulera eigne bøner. Søvik ville gjerne peika på alle bønene som alt ligg der. I Bibelen finn me mange. Eit døme er frå første kapittel i Kolossarbrevet.

Og det er vår bøn at de må bli fylte med kunnskap om Guds vilje og få all den visdom og innsikt som Anden gjev, så de kan leva eit liv som er Herren verdig, og vera heilt og fullt til glede for han, bera frukt i all god gjerning og stadig veksa i kjennskap til Gud.

Men godt formulerte bøner finn ein også andre stader. Salmeboka og «Sangboken» er gode døme.

Under preika på sundagen nemnde han nokre viktige bøneemne. Familiane er samfunnet sine byggjesteinar, men kva med familiane som blir oppløyste? Eit skilsmål er til ulukke for dei som råkar ut for det, men også for alle som står rundt. Å be om at familiane må få vera ei trygg ramme rundt oppveksten for den komande slekta, er ei viktig bøneoppgåve.

Til sist oppmoda han kristne til å leva ope med trua og be for vener og naboar. Kanskje kan praten over gjerdet òg vera ein veg til djupare samtalar.

Opphaldet på Nesodden var inspirerende og til ettertanke. Søvik seier sjølv at han reiser rundt med «den beste bodskapen i verda».

Tekst: Helge Eilifsen – Alle foto: Jostein Risa



Den gode arven frå Martin Luther

Den 31. oktober 1517 slo Martin Luther opp sine 95 tesar mot avlatshandelen. Dermed starta den rekkja av hendingar som vi i dag kallar «reformasjonen», og som kom til å endre ikkje berre kyrkjelivet men også samfunnslivet i Europa på fleire måtar.

Bortsett frå kristninga av Noreg rundt år 1000 er det inga anna hending som har hatt så mykje å seie for kva vi nordmenn trur og korleis vi lever saman som akkurat reformasjonen. Det er derfor all mogeleg grunn til å markere 500-årsjubileet for denne hendinga i 2017.

Den store oppdaginga

I dette jubileumsåret skal vi takke for og fornye det aller viktigaste i arven frå Martin Luther, nemleg *gjenoppdaginga hans av evangeliet om Guds nåde*. Etter lang tids kamp fann han fram til at vi ikkje blir rettferdige for Gud ved våre gode gjerningar eller ved å vera særleg fromme, men berre på grunnlag av Jesu liv, død og oppstode. Og vi får ta imot dette



som ei gåve gjennom dåpen og trua. Luther skildrar seinare i livet det sentrale i sitt reformatoriske gjennombrudd slik: «...at vi ikkje ved gjerningar, men gjennom trua på Kristus blir rettferdige og sæle».

Senk skuldrene

Dette evangeliet om nåden er ein god bodskap også for menneske i vår tid. Mange, og ikkje minst ungdom, opplever å bli møtt med både eigne og andre sine forventningar om å lukkast med skule, karriere, utsjånad og sosial status. Her blir kvar «sin egen lykkes smed». Summen av alt dette kan lett opplevast som nådelause krav, og mange kjenner at dei kjem til kort og strevar med å finne ei meining og eit grunnlag for livet som held anten dei lukkast eller ikkje. Til dei som kjenner det slik, trur eg Luther ville ha sagt: Senk skuldrene, rekk fram dine tomme hender, og ta imot det Gud vil gje deg: Nåde, tilgjeving for syndene, og eit liv i fellesskap med Gud som varer også etter døden.

Gud er miskunnsam mot oss, og vi er alle kalla til å gje Guds miskunn vidare i ord og handling. Våre gode gjerningar er i høgaste grad nødven-

dige, men dei skal ikkje gjerast for å vinne fortjeneste og frelse hos Gud, men fordi medmenneska våre treng dei.

Viktige impulsar for det norske samfunnet

Arven etter Luther og reformasjonen inneheld også mykje meir, for eksempel hans lære om at alle kristne har ansvar for livet i kyrkjelyden, og at det kristne livet skal levast på den staden vi er sett i verda og ikkje i klosteret. Her ligg sterke impulsar som har vore viktige for at det norske samfunnet i dag er prega både av demokrati og ein stor grad av likskap. På den andre sida er ikkje alt Luther sa og gjorde like verdifullt. Det gjeld særleg det hatske utfallet hans mot jødane på slutten av livet sitt. Dette må vi i dag ta eintydig avstand frå og beklage. Men mest av alt skal vi i 2017 lyfte fram og forkynne det evangelium som frigjorde Luther og som også kan frigjere oss: Frelsa kan berre Gud gje oss, ufortent og av nåde. Det viktigaste i livet er ikkje kva vi får til, men kva vi får.

Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin

500 år med Martin Luther

I 2017 markerer vi at det er 500 år sidan reformasjonen starta.

Reformasjonen har hatt store verknadar i kyrkja og for korleis vi lever som kristne. Men den førte òg med seg store endringar i Europa og i Noreg, politisk, kulturelt og for oss som einskildmenneske.

Desse fire kveldane vil prost Kjetil Netland gje oss eit lite innblikk i reformasjonen og kva han har å seie for oss.

Kveldane startar med kveldsmat. Etter eit foredrag på om lag ein halv time, vert det samtale og diskusjon i grupper.

Velkommen til ein ny runde med Tid for tru i Bedehuset Betel annakvar onsdag frå 18.januar til 1.mars.

Onsdag 18. januar. 1930 – 21.30 KRISTUS ÅLEINE	Martin Luther i livsføre som ungdom. Politisk og kyrkjeleg bakgrunn for reformasjonen Avlatshandel og tesene på Slottskyrkjedøra i 1517 Å VERE EIT ANSVARLEG MENNESKE
Onsdag 1. februar 1930 – 21.30 SKRIFTA ÅLEINE	Martin Luther si tårnopleving. Renessanse, boktrykkarkunst og grammatikk som bakgrunn for reformasjonen. Martin Luther gav Bibelen til folket. BIBELEN OG FORNUFTA
Onsdag 15. februar 1930 – 21.30 TRUA ÅLEINE	Dei tre unge herskarane I Europa. Riksdagen i Augsburg Philip Melanchton - læraren og dipomaten TRU OG GJERNINGAR
Onsdag 1. mars 1930 – 21.30 NÅDEN ÅLEINE	Kvifor heiter vi protestantar? Kvifor er det så mange kyrkjesamfunn? KORLEIS OPPNÅR VI GUDS NÅDE?



Lutherfestdagar i Reformasjonsbyen Bergen 3.-7. mars 2017

I 2017 skal Luther og reformasjonen markerast over heile verda. Bergen har status som Noregs reformasjonsby og inviterer til Lutherfestdagar 3.-5. mars.

Den 31. oktober 2017 er det 500 år sidan den tyske munken Martin Luther offentleggjorde sine berømte avlatstester i Wittenberg, noko som skulle vise seg å forandre store deler av verda. Reformasjonsbyen Bergen er Noreg sin representant i eit nettverk av 68 europeiske byar. Målet er å:

- Synleggjere spor av reformasjonen i samfunnet,
- Feire dei gode fruktene av reformasjonen
- Gje impulsar til debatt om våre samfunnsverdiar

Bli med på festen og få med deg dette fredag 3.mars-tysdag 7.mars.
Førebels program finn ein på kyrkja.no/bjorgvin

Nytt frå kyrkjetårnet



Kyrkjegardsdugnad på Tjugum april 2016

Ved dugnaden på Tjugum kyrkjegard tysdag 26.april var det flott vær og godt oppmøte med 17 personar i aktivitet. Alle trea ved dei nye gravfelta vart skorne av Erland Fagermoen som starta opp ein dag før. Tre og busker opp mot riksvegen vart også skorne. Gangveggar og plenar vart raka. Særleg var det mykje kvist/greiner/lauv nær den store bøken og tallause bossekkar med lauv vart køyrt bort. Parkeringsplassen vart kosta og den nye



porten til kyrkjegarden ved kyrkjestova vart måla kvit. Lidal køyrde bort eit stort lastebillass med greiner og kyrkjegarden og området rundt kyrkja var dermed fint klargjort før konfirmasjons-gudstenestene. Takk for innsatsen til alle som deltok! Det vert ny dugnad til våren.



Balestrand industrier har no stell av graver på Tjugum kyrkjegard

Ruth Marie Grøneng har gjort ein flott innsats med stell av mellom 20 og 30 graver på Tjugum kyrkjegard gjennom mange år, tilsett av Balestrand sokneråd. Ho har no gått av med pensjon og soknerådet spurde då Vekst-bedrifta Balestrand Industrier om dei kunne ta over ansvaret for stell av graver på denne gravplassen. Leiar Gunnar Vervik hadde erfaring med slikt arbeid frå tidlegare og gravene vart fint stelte frå og med pinsehelga. Vi trur og vonar at folk vil vere nøgde med tenestene dei tilbyr. På kontoret vil kyrkjevevja sleppe administrasjonen knytt til ordninga ved at pårørende no tingar stell direkte frå Balestrand industrier. Dersom du har ei grav på Tjugum som du ynskjer hjelp til å stelle, kan du kontakte dei på telefon 57 69 13 86 eller e-post til post@balestrand-industrier.no. På dei andre kyrkjegardane kan du framleis tinge gravstell på kyrjekontoret. Inger Johanne Hjartholm steller graver på Kvamsøy og Sølvi Sæle på Sæle kyrkjegard. Soknerådet administrerer framleis førehandsbetalt gravstell (tidlegare kalla gravfond).



Kyrkjegardsvandring med sogelaget i oktober

Balestrand sogelag inviterte til vandring på Tjugum kyrkjegard laurdag 8.oktober. Historikar Johs. B. Thue hadde plukka ut graver der vi stogga og fekk høyre meir om personane bak namna på gravminna. På det største biletet ser vi Johs. B ved gravminnet til Anders Skaasheim (1880-1965). Han var bankmann, forfattar og initiativtakar til skipinga av Historielaget for Sogn. Fleire av sogene og opplysningane som kom fram ved andre graver på vandringa var funne i dei mange breva etter han; ei viktig historisk kjelde for Balestrand. Johs. B heldt fram at det framleis er mange historier å fortelje og dei frammøtte ville gjerne vere med på fleire vandringar på gravplassane. *Foto: J. Risa.*

Kyrkjekaffi – oftare og enklare

Soknerådet er opptekne av å bygge det sosiale fellesskapet i kyrkjelyden og har no sett opp kyrkjekaffi etter dei fleste gudstenestene. Det er då lagt opp til ein enkel kyrkjekaffi med innkjøpte kjeks. Nytt no er at kyrkjetenaren lagar klar kaffi, te og saft på staden før gudstenesta slik at friviljug kyrkjekaffiansvarleg berre har ansvar for det som skjer etter gudstenesta. Etter eit par gudstenester i halvåret (til dømes gudstenestene med utdeling av 4- og 6-årsbok) vert det litt meir innhaldsrik kyrkjekaffi, t.d. med kaker eller gjærbakst.

I kyrkjestova går praten godt under kyrkjekaffien. Her frå kyrkjekaffien etter hausttakkegudstenesta 18.10.15. *Foto: J. Risa*





Desse bileta er teke ved hausttakkegudstenesta i Tjugum kyrkje 23.oktober då det også var utdeling av 4-årsbok. Denne søndagen var det ikkje barnesamling i kyrkjestova, men kyrkjelydspedagog Rut Solveig hadde i staden ei bibelforteljing i gudstenesta. Foto: J. Risa

Barnesamlingar under gudstenester

Tjugum - Etter at kyrkjestova har kome opp har det no vorte mogeleg å ha barnesamlingar der under preika ved gudstenester i Tjugum kyrkje. Det er no barnesamlingar ved dei fleste gudstenestene med unntak av «familiegudstenester» og julaftan. Dette gjer det enklare og kjekkare for familiar med born å kome til gudstenestene. Det er no åtte personar som deler på å ha ansvar for samlingane. Borna går samla ut etter første tekstlesing og kjem inn att før nattverden (ca 30 min). Leiarane har tilgang til ressursane i Søndagsskulen sitt «Sprell levande»-opplegg som kyrkjelyden no abonnerer på. Hovudmålgruppa er born i alderen 4-10 år. Yngre born treng ofte selskap av foreldre og eldre born kan gjerne ha utbyte av preika i gudstenesta.

Sæle - Her vil vi også prøve å få i gang tilbod om barnesamlingar i det vesle rommet bak i kyrkja ved ein del av gudstenestene, men her er det ikkje plass til så mange.

Louise Nilsson fast tilsett som diakonimedarbeidar frå 15.august

Både prest og soknerådet har peika på større behov for diakonale tenester i Balestrand etter at vi har mista både presteressurs og diakon i Balestrand siste åra. Soknerådet gjorde ut frå dette vedtak om å lyse ut stilling som diakonimedarbeidar som fast stilling og administrasjonsutvalet tilsette 14.juni 2016 Louise Nilsson i ei fast deltidstilling på 12 prosent med oppstart 15.august 2016. Lønsmidlane stammar mellom anna frå lovfesta klokkarmidlar som kan omdisponerast sidan klokkarstillingane vert fylte av uløna medarbeidarar.

Louise har vore inne som diakonimedarbeidar på prosjektbasis i to periodar tidlegare i påvente av denne avklaringa og det var inga vanskeleg avgjerd å tilsetje ei som har vist seg som ein dyktig og dedikert medarbeidar. Hovudfokus vert å drive vidare det diakonale tiltaket «Kafé Møteplassen», men det kan på sikt også verte aktuelt med andre diakonale oppgåver.

«Kom og kjøp utan pengar» - Klesbytestasjon

Diakoniutvalet i Balestrand har i haust testa ut ein bytestasjon for klede lokalisert i første etasje i Bygdahuset. Han har vore open siste laurdagen i månaden frå august til november. Diakoniutvalet skal evaluere ordninga i desembermøtet og eit moment då er tilgang på nye klede: Har du gode klede som du ikkje lenger brukar eller som borna har vakse ut av (gjernar vinterklede), kan du ta kontakt med Louise Nilsson m. 901 15 667 eller Margot Ryssdal m.415 51 932 i diakoniutvalet. Foto: T. Brudvik.



Flygel i gåve til Tjugum kyrkje

Medlemer i kyrkjelyden har gjeve eit eldre flygel til Tjugum kyrkje og soknerådet er svært takksame for dette. Flygelet er produsert av Hofmann og Czerny i Wien. Dette var i si tid den største pianoprodusenten i Europa og dei laga instrument i perioden 1903-1963. Flygelet er av typen «Mignon» som kan tyde «lite og søtt» og er ikring 150 cm langt. Til samanlikning kan store konsertflygel vere opp til dobbelt så lange. Flygelet vert vurdert som eit betre instrument enn det tidlegare pianoet.



Flygelet var første gong brukt ved ei gudsteneste av organistvikar Laila Vang 14.august 2016. Jorunn Høines var attende i delar av organistjobben med graderte fødselspengar frå september. Ho brukar no flygelet som hovud-instrument under gudstenestene og synest det er eit godt arbeidsverktøy. Ho vonar kyrkjelyden også er nøgde med lyden.



Det er no tinga ei tilpassa trekk til flygelet og etter tilråding frå pianostemmar er det også tinga eit lite klimaanlegg som vert montert inne i instrumentet. Det skal hjelpe til å halde jamnare temperatur og luftfukt og målet er at instrumentet skal halde lenger på stemminga i eit lokale med store temperaturvariasjonar. Flygelet vart stemt 17.november og vil verte flytta til venstre sida framme i staden for under preikestolen som no.

Flygelet vart transportert til kyrkja av Geir Åge Hovland 9.juni 2016 (med hjelp av nokre frivillige) i samband med han leverte eit anna piano i Balestrand. Han hadde fått laga ei svært god tralle som også kunne brukast «offroad»!

Foto: J. Høines og J. Risa.



Reparasjon av løpar/teppe i Tjugum kyrkje



Løparen i midtgangen i Tjugum kyrkje hadde fått ein snublekant ved dørstokken frå våpenhuset. Produsenten Ledaal teppeveveri understreka at snublekanten ikkje måtte klippast av, men måtte rekkast opp og knytast på nytt. Dei skulle til Solund kyrkje og kom innom Tjugum på vegen, like før konfirmasjonsgudstenestene. Dei fann då mange småskader langs kanten av teppet. Både dette og snublekanten bak skuldast at det var fjerna 10 cm av limet langs kantane i heile lengda av teppet i samband med måling av kyrkjegolv i 2012. Teppet var lagt i 2007.

Cathrine Hærem og mannen Steffen Wesnes frå familiefirmaet Ledaal teppeveveri i Stavanger gjekk 24.april over teppet og reparerte skader, strekte teppet og limte kantane på nytt.

Foto: J. Risa.

Restaureringsarbeid på vindauge i Tjugum kyrkje



Sommaren og hausten 2016 har Lidal Vedlikehold og Service gjort eit omfattande arbeid med over 210 vindaugsruter i sørveggen på kyrkja. Tilstanden for vindauge i Tjugum var svært dårleg med manglande kitting, vassinn-trenging og sprekte ruter. Sjå før- og etterbilete.



Opphavelig var det av økonomiske omsyn tenkt å berre ta midtdelen av veggane no (90 rut-er), men undervegs kom ein fram til at soknerådet totalt ville spare på å ta heile sørsida i same omgang når lift, stillas og anna utstyr var på plass. Det er ut frå dette venta ei budsjettoverskriding som soknerådet må finne inndekking for.

Dei nedste 63 rutene er tekne heilt ut og det er grunna med linolje før det er måla og kitta på nytt etter retningslinjer frå Riksantikvaren. Vindaugsruter med sprekker er bytt ut med heile glas av gamal type. Rutene over dei tre nedste radene er kitta om etter behov.



Innvendes er alle vindaugo måla med linoljemåling i same farge som før, utvendes er heile sørveggen med alle vindaugskar-mar måla med kvit oljemåling. Denne veggane var sist måla i 2000. Vindaugo i nordveggen på Tjugumkyrkja er også dårlege og må takast tilsvarende, men i 2017 vil soknerådet prøve finne midlar til vindaugo i sørveggen på Sæle kyrkje.

Kyrkjelyden sitt årsmøte på Nessane 5.mars 2017

I gudstenesteplanen er det sett opp gudsteneste i Nesse sambrukshus denne ettermiddagen og soknerådet har no lagt årsmøtet for kyrkjelyden (soknemøte) etter denne gudstenesta: søndag 5.mars 2017 kl.17.00. Folk frå heile kommunen vert med dette kalla inn og oppmoda om å ta turen til Nessane denne ettermiddagen der det vert kyrkjekaffi rundt småbord før soknerådsleiar orienterer om verksemda til soknerådet i 2016.

Under bispevisitasen i 2013 leia Kjersti Bruvik ei grendasamling med lunsj i sambrukshuset på Nessane. No har soknerådet også lagt det årlege soknemøtet dit.



Ljos på Kvamsøy kyrkje til jul?

I det kyrkjelydsbladet skulle gå i trykken fekk soknerådet godkjenning frå Riksantikvaren på å setje opp nye LED-lyskastarar til å lyse opp Kvamsøy kyrkje. Tre lyskastarar er tinga og innkjøp og montering er vedteke finansiert med gåvemidlar til kyrkja. Det står i dag tre gamle lyskastarar på øya, men desse har vore ute av drift i lang tid.

Det er etter kvart mange kyrkjer som har fått lyskastarar med LED-lys (garantert levetid på 50.000 timar og lågt straumforbruk). Leverandør er valt etter tilråding frå spesialkonsulent hjå KA (Arbeidsgjevarorganisasjon for kyrkjelege verksemdar). Elektrikaren meiner vi kan nytte eksisterande kabling og ikkje treng grave noko. Dette er eit viktig poeng av di Riksantikvaren har streng regulering av graving nær mellomalderkyrkjer.

Dersom alt går etter planen er det von om å få montert nye flaumljos før jul slik at fastbuande og forbipasserande kan glede seg over den flotte Kvamsøyskyrkja også i vintermørket. Etter rydding av vegetasjon for nokre år sidan og sidan utvendig kvitkalking er montering av lyskastarar eit viktig neste steg i å få kyrkja fram att i lyset – både konkret og symbolsk.

I søknaden til Riksantikvaren brukte vi mellom anna dette biletet for å vise plasseringa av noverande lyskastarar. Bilete er teke tysdag 7.juni 2016 då 7.klasse på Sagatun skule tradisjonen tru var på ekskursjon til Kvamsøy kyrkje. Denne gongen var kyrkjevevja med som sjåfør, roar og omvisar. Foto: J.Risa



Nyttårskonsert i Tjugum kyrkje 29.januar – Syng for ei god sak!

Norges korforbund Sogn og Fjordane arrangerer siste søndagen i januar kl.16.00 ein nyttårskonsert under overskrifta «Syng for ei god sak». Det er tredje gongen korforbundet arrangerer slik konsert, men første gongen i Balestrand. Balestrand songlag vil stå som teknisk arrangør og denne gongen vil delar av overskotet gå til Røde Kors. Billettpris vil vere kr 200 for vaksne og kr 100 for born i skulealder. Soknerådet har gjeve fri husleige for kyrkja mot at husleigeprisen går uavkorta til Røde Kors. Balestrand Songlag vil ha kafé i Kyrkjestova både før og etter konserten.



Restaurering av kyrkjeskip og fire måleri i Kvamsøy kyrkje

Onsdag 2.november kom det telefon frå Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) om at Riksantikvaren (RA) i 2016 ville finansiere å hente inn kyrkjeskipet i Kvamsøy kyrkje og fire måleri for restaurering i laupet dei næraste 6-7 månadene. Deretter skjedde ting raskt: Soknerådet gjorde 3.november vedtak om at tinga kunne takast ut av kyrkja for restaurering/konservering. Balestrand industrier vart kontakta og på kort varsel laga Harald Sande fredag 4.november ein spesialtilpassa transportkasse i finér for kyrkjeskipet. Målerikonservator og konstituert avdelingsleiar Nina Kjølse Jernæs kom så med fly alt måndag 7.november for forsvarleg pakking på Kvamsøy og kyrkjevevja var med og rodde til og frå øya. Skipet vart grundig sikra i transportkassen og måleria vart overflatesikra før innpakking. EXEL Fine Art transport henta tinga same kveld med spesialbygd lastebil med stabil temperatur, stabil luftfukt og ekstra sikring fram til NIKU sine lokale i Oslo. Bakgrunn: Den 2.mars 2016 gjennomførte Riksantikvaren synfaring i Kvamsøy kyrkje som ein del av ei større tilstandsregistrering av kyrkjeinterior i Sogn og Fjordane. Riksantikvaren set av ein viss sum årleg som vert nytta til konservering / restaurering av kyrjekunst. Dei sette etter synfaringa opp ei prioriteringsliste og i Kvamsøy vart både kyrkjeskipet frå 1702 og den flotte altartavla registrert med tilstand tre - som er det mest prekære på ein skala frå ein til tre. Kvamsøyinventaret nådde likevel ikkje opp i første runde. Med restmidlar vart det på slutten av året likevel aktuelt å hente inn dei mindre gjenstandane for tiltak.



Fire måleri frå det private gravkammeret som ein periode stod attmed kyrkja vart kategorisert med tilstand to. Kyrkjevevja var spørjande til at restaurering av dei fire måleria kom før restaurering av altartavla, men forklaringa var at altartavla må takast på staden og er eit større prosjekt som kan vere aktuelt i ei seinare, større tildeling. Vidare er det vanleg at dei prøver få med alle aktuelle objekt når ein først hentar inn noko til restaurering/konservering. Ved besøket i Kvamsøy fekk målerikonservatoren også gjennomført nokre førebunde testar på altartavla.

Balestrand sokneråd set pris på at Riksantikvaren vil finansiere restaurering av kunst/ liturgisk utstyr i Kvamsøy kyrkje og dette understrekar at kyrkja vår og inventaret der er særmerkt og viktig å ta vare på. Det vert spanande å få det restaurerte skipet att til sommaren!

Tekst og foto: Jostein Risa



Konfirmantar i Balestrand våren 2016

**Tjugum kyrkje, Helgetorsdag
5. mai kl. 10.00 og 12.00**

Bak frå venstre:

Rakel Hjønevang Feten
Geir Christian Peter Son Bale
Oda Persdotter Bolstad
Sander André Fjærestad
Prost Kjetil Netland
Ådne Åm Risa
Odin Feidje-Baug

I midten frå venstre:

Rakel Knudsen Bjerk
Ingeborg Grøneng
Trine Beate Midttun Dale
Liv Rigmor Netland

Framme frå venstre:

Håvard Handegård
Sara Heier
Mical Habte Araya
Silje Nordang Bale
Emilie Vigdal
Steffen Midtbø Lidal

Alle foto: Jostein Risa



Konfirmant 2017

Dei fem konfirmantane i årets vesle konfirmantkull vart presenterte for kyrkjelyden 28.august og deltok då aktivt i gudstenesta. Til no har dei hatt all undervisning utandørs! Dei har også vore på Kick-Off i lag med andre konfirmantar i fylket på Sygna vgs. Også denne gongen er det ein konfirmant som følgjer undervisninga i Høyanger, men skal konfirmerast i Sæle kyrkje.

Våren 2017 vert det to konfirmasjonsgudstenester søndag 30.april - både i Tjugum kyrkje og Sæle kyrkje same dag.



Sæle kyrkje, 24.april kl.11.00

Vanja Måredal Måren og prost Kjetil Netland. Vanja fylgde konfirmant-undervisninga i Høyanger.



Samtalen går lett når ein finn tonen.

Tid for tru med tema om kvinner i Jesu slekt:

Men då tida var fullkomen, sende Gud sin eigen Son

Fem kvinner frå Jesu slekt har vore tema for «Tid for tru» i haust. Nokre av dei er meir kjende enn andre. På plakaten som inviterte til samlingane, vart dette sett i fokus ved at alle fem kvinnene var skrivne inn på eit slektstre av det symbolske slaget. Dermed var temaet for hausten visualisert, no skulle me få meir kunnskap om Tamar, Rahab, Rut, Batseba og Maria.

«Tid for tru» har vore på bedehuset. Mellom tjue og tretti har møtt fram. Samlingane byrja halv åtte med eit hyggeleg måltid. Undervisninga er det Gunn Berit Bøthun, Joakim Hector og Kjetil Netland som har stått for. Gunn Berit er lærar på Sygna, Joakim er rektor på

same stad og Kjetil står for det geistlege innslaget. Etter at dei har gjennomgått kveldens tema, er det samtale rundt borda, og til sist oppsummering.

Onsdag andre november var siste samling, og då var det Maria, Jesu mor, sin tur, og Joakim tok for seg situasjonen på den tida. I makkabeartida, hundreåra før Jesu fødsel, nådde grensene til den jødiske staten like vidt som Davids rike. Men indre strid var medverkande årsak til at den romerske feltherren Pompeius kunne leggja Palestina inn under Romarriket i år 37. f.Kr. Noko indre sjølvstyre var det likevel, og Herodes den store, brutal maktpolitikar, men stor byggherre, var romersk lyd-konge då Jesus vart fødd.

Nokre moment som karakteriserte denne tida og som fekk stor innverknad på utbreiinga av kristen tru var den lange indre fredsperioden i Romarriket, Pax Romana, dei betra kommunikasjonane, den aukande handelen, utbreiinga av gresk språk og kultur og dei mange jødane

som var spreidd rundt i Romarriket. I samanheng med dette er overskrifta, som er henta frå fjerde kapittel i Galatarbrevet, til ettertanke.

Gunn Berit byrja med å lesa frå andre kapitlet hos Lukas. Me møter Maria, då ho fekk bodskap om at ho skulle føda Jesus, me høyrer om møtet mellom Maria og Elisabet og får høyra Marias lovsong. I første omgang vert Maria redd, deretter spør ho korleis dette skal gå til. For barnet som skal fødest vil ikkje vera ei frukt av samliv mellom mann og kvinne, men som det står: «krafta frå Den høgste» skal skyggja over ho. Svaret Maria gir, er til ettertanke: «Sjå, eg er Herrens tenestekvinne. Lat det gå meg som du har sagt.» Det heile munnar litt seinare ut i lovsong: «Mi sjel høglovar Herren, og mi ånd frydar seg i Gud, min frelsar....»

Men kvifor vart Maria utvalt til dette? Frå engelen får ho høyra at ho har funne nåde hos Gud. Slik får Lukas fram at til sjuande og sist er det Guds forteneste. Men det står ikkje i motsetnad til at Maria kan seia «... frå no av skal alle slekter prisa meg sæl.»

I 1978-omsetjinga til Bibelselskapet står det i det sjuande kapitlet hos Jesaia: «Sjå, ei møy skal verta med barn og føda ein Son, og ho skal kalla han Immanuel.» Fleire andre profetiar vart òg nemnde, alle desse tener til å

underbyggja det underfulle med Jesu fødsel og livsgjerning - han var venta.

I Jesu slektstavle møter me menn og kvinner, nokre av dei presentert med handlingar som knapt kan kallast gode, men dei er innskrivne i slektstreet trass det, andre viser si tru i førebiletlege handlingar. Kjetil peika på at Jesu slektstavle fortel noko om Jesus og oppgåvene hans. Var han menneske eller Gud? I urkyrkja var det strid om dette. Nokre hevda at han var eit menneske, men att Gud hadde adoptert han som sin son. Andre meinte at at han var Guds son, men såg ut som eit menneske. I den lutherske kyrkja hevdar me at Jesus er sann Gud og sant menneske.

Eit slektstre gir oversyn over ætt og slektslinjer. Jesu slektstre med ufullkomne menneske fortel noko om kvifor han kom, det representerer også oss. Han gjekk inn under våre kår, og det vart sant, det som står om han i Jesaja 53: «Men han vart såra for våre brot, knust for våre synder. Straffa låg på han, vi fekk fred, ved hans sår vart vi lekte.»

Tekst og foto: Helge Eilifsen

PS! Det vert ein ny runde med «Tid for tru» våren 2017, sjå s.9.



Frå venstre: Joakim Hector, Gunn Berit Bothun og Kjetil Netland. Etter fem samlingar kan dei endeleg senka skuldrene. Me som har delteke på «Tid for tru», er takksame for måten dei har levandegjort Bibelen på.



Når eg blir stor, har eg lyst til å bli lege, seier Lavania (5). Saman med familien har ho funne tryggleik frå IS i leiren Kabarto i Nord-Irak. (Foto: Håvard Bjelland/Kirkens Nødhjelp)

La fleire fylla fem!



Lavania (5) fra Sinjar er på flukt frå IS saman med familien sin. I flyktningleiren Kabarto i Nord-Irak sikrar kyrkjelyden vår saman med Kirkens Nødhjelp reint vatn til 28 000 menneske. Offeret til Kirkens Nødhjelp i jula går til arbeidet med å gje fleire born ei framtid.

Lavania og familien hadde eit godt liv i Sinjar, med eige hus i landsbyen Ger Azir. Så gjekk IS til åtak.

– Vi høyrde skot og bomber og flykta til Sinjar-fjellet. Lavania var berre tre år gamal den gongen, og ho sa heile tida at ho trudde IS kom til å drepa oss, fortel mora Jazia



Lavania søker tryggleik og trøyst hjå faren Khiri Saido. (Foto: Håvard Bjelland/Kirkens Nødhjelp)

Hassan. Familien miste besteforeldre og ei tante og ein onkel som vart att i landsbyen. Dei veit framleis ikkje kva som skjedde med dei.

– På Sinjarfjellet, der vi var i ni dagar, hadde vi problem med mat og vatn. Vi drakk mjølk fra sauer, fortel Jazia.

No har familien funne tryggleik i leiren Kabarto, eit stykke utanfor Dohuk. Her bur 28 000 menneske i kvite telt på rekke og rad, så langt auga kan sjå, midt i den tørre øydemarka. Kirkens Nødhjelp sikrar reint vatn og gode sanitærforhold for flyktningane. Dei gjev også hygieneopplæring til borna.

– Livet i leiren er bra. Eg har fått mange nye vener her, men eg hugsar veninnene mine frå Sinjar. Eg håpar eg får treffa dei att, seier Lavania.

Viktig bursdag

Kvart minutt dør elleve born som enno ikkje har rukke å fylla fem år. 98,7 prosent av desse borna vert fødte i fattige land, og vassrelaterte sjukdomar er mellom dei viktigaste dødsårsakene. Fødselskomplikasjonar, feilernæring, meslingar og lungebetennelse er andre viktige årsaker.

Saman med vår eigen organisasjon, Kirkens Nødhjelp, bidreg kyrkjelyden i/på <namn på kyrkjelyd> til å sikra



Handvask og god hygiene førebyggjer vassrelaterte sjukdommar og reddar liv. Difor er hygieneopplæring for borna ein del av Kirkens Nødhjelp sitt arbeid i flyktningleiren. (Foto: Håvard Bjelland/Kirkens Nødhjelp)

ein trygg fødsel, gode helsetenester, reint vatn, ernæring og tryggleik til born i fattige land og til born som er på flukt.

Å fylla fem år kan samanliknast med å kryssa ei bru. Når ein har fylt fem, er sjansen for faktisk å få veksa opp langt betre

Lavana fylte fem år i flyktningleiren Kabarto

– Når eg blir stor, har eg lyst til å bli lege, fortel ho.

Eit barn er født

I jula feirar vi barnet som vart født i ein stall for 2000 år sidan. Denne jula vil vi også minna om borna som vert fødte inn i vår verd i dag – i fattige land som Malawi og Etiopia, eller på flukt frå krig og liding i Syria og Nord-Irak. Tenkjer du deg på julegudstenesta, vonar vi du vil gje ei gåve til arbeidet vi gjer saman med Kirkens Nødhjelp. Hugs å ta med kontantar til kollekten. La fleire fylla fem!



28 000 menneske lever kvardagslivet sitt i denne flyktningleiren i Kabarto der Kirkens Nødhjelp sikrar reint vatn og gode sanitærløysingar. (Foto: Håvard Bjelland/Kirkens Nødhjelp)



Sogn og Fjordane teater inviterer til framsyning i Tjugum kyrkje fredag 2.desember kl.19.00

Juleevangeliet blir levandegjort på ein heilt ny måte i Håvard Rem si dikting. Forfattaren har skrive stykket med utgangspunkt i Lukasevangeliet og let Josef si syster Miriam fortel sin versjon av det som hende då svigerinna hennar, Maria, fødte eit barn.

I Miriam si augevitneskildring får vi tilgang til både dei historiske tilhøva rundt, og dei menneskelege relasjonane i og ikkje minst den sterke relevansen ved denne historia. Det er fyrst og fremst den sterke fredsbodskapen i forteljinga om Jesu fødsel som kling gjennom Idun Losnegård si sterke formidling av korleis ein fattig og utsett familie vert utfordra og velsigna av å skulle ta imot og fostre opp Messias.

Om framsyninga seier Firda: “Det viste seg å vere ei overraskande potent innsprøyting med julestemning, formidla med sjeldan god overtyding”....”Miriam slår deg fort som ei over snittet kvikk dame. Skodespelaren Idun Losnegård må også seiest å vere av det ressursterke slaget, når ho leverer 50 minutt tettpakka med ord, ansiktsuttrykk og kroppsspråk, utan å på noko tidspunkt å vise teikn på at hugset sviktar”...”Ei slik framsyning vil alltid stå og falle på innlevinga til skodespelaren, og Losnegård leverte med glans”

Billettar: softeater.no/billettar (kr 250/200/100)
For gruppeprisar- kontakt marknad@softeater.no
(over 5 vaksne kr 200 pr person, over 8 pensjonistar kr 130 pr person)



Brødrene Aa

Ved kyrkjelydsturen i september vakna me laurdagen til vind og regn, heilt tydeleg ikkje turvêr. Difor nytta mange høvet til å dra ned til Hyen for omvising på Brødrene Aa, det kjende skipsverftet i Nordfjord. Der var det stor aktivitet med ferdigstilling av båtar.

Vel nede i Hyen vart me tekne i mot av Magni Aa Berge og like etter møtte me dagleg leiar, Tor Øyvin Aa, som kort gjekk gjennom bedriftshistoria og på ein interessant måte utdjupa kva utfordringar dei har hatt og kva strategiar dei har valt.

Det heile starta i 1940-åra med produksjon av fritidsbåtar i mahogni. Etter kvart auka storleiken, men heile tida var det båtar i tre. På 1970-talet byrja dei med glasfiberbåtar. Dette avspeglar utviklinga elles i Noreg, men for Brødrene Aa var det tale om passasjerbåtar og ikkje fritidsbåtar.

På åttitalet bygde verftet sin første katamaran (toskrogsbåt) og dei utvikla også ei kryssing av katamaran og luftputefartøy. Desse båtane kunne nå opp mot femti knops fart og vekte interesse hos marinen, men det vart ingen kontrakt, derimot var bedrifta konkurs i 1991.

Men produksjonen kom i gang att. Det kan vera interessant å vita at styrehusdelen til flytoget, dei fremste fem metrane, er produsert i Hyen. Dei har også hatt leveransar til oljenæringa, og då talar me om delar til undersjøiske installasjonar.

Skal ei bedrift unngå stagnasjon, er produktutvikling og

effektivisering nøkkelomgrep. Og eit av kjenneteikna til Brødrene Aa er at dei heile tida er på leit etter produkt med høg kvalitet som det òg er etterspurnad etter.

I 2006 byrja dei produksjon av båtar i karbonfiber.

Ein snøggbåt produsert i dette materialet er dyrare enn tilsvarende i aluminium eller glasfiber, men også lettare. Dermed vil ein slik båt bruka mindre drivstoff.

Tor Øyvin gav oss dette reknestykket: Ein ny båt i karbonfiber kostar gjerne sytti millionar kroner, men på ti år er drivstoffutgiftene åtti millionar mindre enn for båten i aluminium. Han hevda difor at på sikt er det god lønsemd i båtar bygt i dette materialet.

Me fekk òg høyra om katamaranen «Vision of the Fjords», som går i turisttrafikk inst i Sognefjorden.

Båten har stor dekksplass, i tillegg til dieselmotorar er han utstyrt med oppladbare batteri for elektrisk drift.

Tor Øyvin tykte det var gjevt at denne båten er kåra til «Ship of the Year» i 2016.

Under omvisinga i produksjonslokala var det lett å leggja





merke til at dei legg vinn på orden på arbeidsplassen. Det vart forklart slik: Tida skal ikkje brukast til å leita etter verktøy, men til produksjon. Og det ser ut for at dei 150 tilsette gjer nett det. Dei fleste er frå nærområdet, men nokre kjem frå Polen og Litauen.

Framover kan det blir mange leveransar til Kina. Sidan eit kinesisk snøggruteselskap har eigardelar i verftet, er det mogeleg å få kontraktar i innanlandsmarknaden der, den kanskje største marknaden i verda.


For dei av oss som ikkje hadde vore i Hyen tidlegare, var dette ein interessant føremiddag. Det er imponerende

at Brødrene Aa byggjer båtar som fangar interesse langt utover landegrensene. Slike bedrifter er viktige for distrikta og viser at trass dårlege vegar, lang transport og andre utfordringa er det mogeleg å få god lønsemd når det ferdige produktet held mål.

Mange takk til turleiinga som valde å arrangera denne ekskursjonen, og til Arnstein Menes som fekk besøksavtale med verftet.

Tekst: Helge Eilifsen

Foto: Jostein Risa





askvik5 og gode vener. Begge foto: Frøydis Geithus.

Kveldssongar ved Sognefjorden

askvik5 (soknepresten i Leikanger, Egon Askvik med familie) og gode vener hadde i sommar ein konsert i Leikanger kyrkje. Denne vart spelt inn på CD. Plata er kalla "Over Stjernebru" - kveldssongar ved Sognefjorden.

Plata inneheld gamle og nye kveldssongar og salmar. Gruppa har utvikla nye arrangement på kjende og mindre kjende kveldssongar, salmar og bånsullar som rører seg i landskapet folk, jazz og pop - gjerne midt i mellom. Publikum er også med på fleire av salmane.

askvik5 består av Egon Askvik (piano og harmonium), Matias Askvik (bass), Arild Rohde (fiolin og song), Sarah Olausen, Hege Feet Askvik, Ingrid Askvik og Mari Askvik (song). Dei har fått med seg gode vener: Dorteia Sekkingstad (fløyte), Kjell Olav Høstaker Nordheim (song, synth), Sondre Veland (perkusjon), Magnus Aune (folin), Martin Haukedal (gitar), Diljin Ali (song) og Kjell Bergsvik (saksofon). Tom Karlsrud og Lærdal Musikkproduksjon stod for det tekniske.

Dei har allereie selt ut fyrste opplaget av plata, som har fått mykje god omtale

«Du treng ikkje vera verken religiøs eller spesielt glad i salmar for å bli rørt av "Kveldstonar ved Sognefjorden" skriv Eli Grotle i Sogn Avis og gir plata terningkast fem.

«Takkar askvik5 for ei sær fin plate. Vi har spelt plata mange gonger og vi synest ho vert finare og finare for kvar gong. Borna våre med familiar skal få plata i julepresang og vi trur den vil bli sett stor pris på.»

(frå epostmelding)

Plata kan bestillast ved å senda epost til easkv@online.no

eller SMS til 907 63 554 eller ved å ringe 911 85 534.

Juletilbod til lesarane av Kyrkjelydsbladet for Balestrand:

Me sender plata/platene porotfritt. Merk bestillinga

«Portofritt». Hugs namn og adresse.



Hans Ulvestad (1914-2004) skreiv i vaksen alder ned nokre minne frå julefeiringa på Ulvestad som barn. Han lika å fortelja frå oppveksten sin, og dette skreiv han ned i samband med ei oppgåve dotter Kjersti Brudvik skreiv om garden Ulvestad då ho studerte lokalhistorie ved Høgskulen i Sogndal. Hans Ulvestad flytta attende frå Bergen med familien, kone og tre born etter 12 år som handelsmann der. Han vart buande på Ulvestad, og der dreiv han igjennom mange år butikk, post, dampskipsekspedisjon og han overtok garden i 1958 då broren, Lars selde han og flytta til Hokksund. Han var også engasjert i kyrkja og var til dømes soknerådsleiar i 25 år frå 1962-1977.



Hans Ulvestad sine minne frå jula på Ulvestad frå om lag 1920

Hans fortel at dei var ni søsken, fire gutar og fem jenter. Veslejulaftan var vi i sving med oppussing til helgi. Kjøkgolvvet vart grønsåpeskura, og det dufta så godt. Vi hakka opp granbar i små bitar som vi strødde i gangen framfor kjøkenet, og det dufta fint. Mat vart tillaga. Vi hadde pinnekjøtt i firetida på julaftan. Lutefisk var vanleg rett til kveldsmat på julaftan. Sylteflesk var og med i julematen. Når dei som skulle i fjøsen var ferdige med arbeidet sitt der i 18.00 tida, var å det å vaske og stelle og kle seg i sine finklede:

Då var julekvelden komen. Mor stelte i «bestestova» som ikkje var tilgjengeleg for alle før alt var ferdig og dørene til storstova vart opna. Der stod juletreet. Under treet var det mange pakkar. Om ofte det var smått, var der alltid presangar til alle.

Tidleg på vinteren var vi gutane i skogen hasleved. Det visste me at me fekk selja lokalt. Vi fekk så mykje pengar for det at me hadde til gåver til syskeni våre, og sjølv sagt til far og mor. Du, kor glade me var i kvarandre, og julekvelden var topp. Far las juleevangeliet. Vi song julesalmar. Høgtid var det. Når dette var gjort gjekk me kring treet og song dei kjære julesongane. Høgdepunktet var julegåvene. Dei vart delte ut av dei yngste ungane. Stemninga var stor, og vi var så glade for eit par sokkar og vottar. Kanskje var det andre småting og smågodt. Finkleda våre var heimesydd og heimevovne. Eg hugsar



Garden Ulvestad ligg øvst på bildet.

eldstesyster mi, Brita [Red: seinare Brita A Farnes]. Ho hadde mange timar ved symaskina. Denne kvelden var det oppvisning av alt det nye me hadde fått (mannek-eng).

Når alt dette om juletre og gåver og mykje song var over, tok me til å bli trøytt og svoltne. Då var det kveldsmat. Etter kveldsmaten var me i stova og hadde det koseleg. Me såg på julegåvene våre, las julehefte. Det var langt over midnatt før me gjekk til ro.

Juledagen var me i kyrkja. Eg hugsar endå i mine unge år at det var slik høgtid når vi juledagen song: Oss er i dag ein Frelsar fødd. Det var jul. Det var høgtid.

Hans Ulvestad

Velkomen på julekonsert i Tjugum kyrkje sundag 11.desember kl.18.00

Organist Jorunn Høines jobbar med å setje saman eit flott program for kyrkje-lyden sin julekonsert i Tjugum kyrkje 3.søndag i advent og har desse namna klare: Damene, Gunhild Skåsheim, Regina Hector, Joy, Ådne Åm Risa, Laila Vang og Balestrand songlag. Det vert andakt ved Lin Åm Fuglestad. Konserten har gratis inngang, men det vert høve til å gje ei gåve til kyrkjelydsarbeidet ved utgangen. I kyrkja kan du få senke skuldrane, glede deg over lys i mørkret, lytte til vakker song og musikk og sjølv få synge med på nokre av dei vakre songane som fortel om juleunderet. Vel møtt!



Annonser

 BilXtra Balholm Auto AS Holmamyrane 6899 BALESTRAND Godkjend bilverkstad Tlf. 57 69 11 13	<i>Ytre Sogn graverdsbyrå A/S</i>  Hjelp til alle tenester ved dødsfall GRAVMONUMENT - SKRIFTHOGGING Døgnvakt telefon: 577 14 700 / 959 86 000	Balestrand Taxi S-113 mobil 959 56 113 S-116 mobil 959 56 116
Gje ei gåve til kyrkjestova på konto 3705.13.19711	 Sogn <i>gravferdshjelp</i> Telefon heile døgnet: 57 68 14 77 Kjell Grønli, Ingar Husum, Hege Urnes, Hans Magne Kvåle.	 Midtnes HOTEL 57 69 42 40 www.midtnes.no
TAXI Frankén mob. 959 86 000 Turbussar Vi tilbyr også 10- og 17-setars bussar med plass til rullestol samt store turbussar med 49 seter.	 Sognekraft - set krefter i sving www.sognekraft.no - P.b. 3, 6891 Vik i Sogn - post@sognekraft.no	VIK ELEKTRO Rune Målsnes 6893 VIK I SOGN TV - Kvitevarer Solskjerming - Glasservice Mobil: 906 16 260 E-post: rune@vik-elektro.no www.vik-elektro.no
VI ER HER. ALLTID.  KIRKENS SOS 22 40 00 40	Kjøp jubileumsboka: Tjugum kyrkje 150 år Lys over fjord  272 sider, over 300 bilete. Pris kr.400. Boka kan kjøpast frå kyrkjekontoret i Balestrand (57 69 15 48), eller tingast i din lokale bokhandel. Alle inntekter går no direkte til kyrkjestova på Tjugum.	Buene Røyservice Pb.14, 6898 BALESTRAND Frode Buene Tlf. 57 69 29 06 Mob. 907 53 579
Gåvetips: Norsk Salmebok 2013 "For kyrkje og heim" Kan kjøpast på kyrkjekontoret kr 339,-	<i>Silvija's blomster</i>  Holmen 5, Balestrand m. 966 93 984 Blomar, oppsatsar, dekorasjonar og gåver Tilbyr også kransar og bårbukettar ved gravferd	 TØMRAR H.I. HARALD TJUGUM Dragsvik 17 6899 Balestrand M: 911 28 133

I GLEDE OG SORG

Døde

20.03.2016 Klara Aslaug Dulsvik f.04.06.1944
Gravferd frå Tjugum kyrkje 31.03.2016

17.04.2016 Ingeborg Frøysland f.05.10.1920
Gravferd frå Tjugum kyrkje 22.04.2016

21.04.2016 Liv Grøneng f.22.11.1937
Gravferd frå Tjugum kyrkje 29.04.2016

10.05.2016 Robert Fanebust f.28.01.1922
Gravferd frå Tjugum kyrkje 12.08.2016

15.05.2016 Birgit Oline Langeteig f.13.01.1921
Gravferd frå Tjugum kyrkje 26.05.2016

06.06.2016 Toro Rogelio Galvin f.28.10.1946
Gravferd frå Sæle kyrkje 14.06.2016

09.06.2016 Johanna Bale f.12.02.1923
Bisetjing frå Tjugum kyrkje 17.06.2016

14.06.2016 Alvhild Feten f.02.09.1921
Bisetjing frå Tjugum kyrkje 22.06.2016

10.08.2016 Arne Menes f.10.01.1928
Bisetjing frå Tjugum kyrkje 19.08.2016

13.08.2016 Gunnvor Feidje f.11.11.1922
Gravferd frå Tjugum kyrkje 19.08.2016

06.10.2016 Haldis Karin Nesse f.23.01.1938
Gravferd frå Sæle kyrkje 13.10.2016

16.10.2016 Astrid Margot Bale f.31.10.1920
Bisetjing frå Tjugum kyrkje 21.10.2016

17.11.2016 Arthur Leif Mehl f.27.03.1927
Bisetjing frå Tjugum kyrkje 25.11.2016

Døpte

Frøydis Wathne Langeteig
17.04.2016 i Tjugum kyrkje

Sunniva Hansen Ese
(høyer til Grønnåsen sokn, Tromsø)
05.05.2016 i Tjugum kyrkje

Levi Senneset Feten
(høyrer til St. Johannes sokn, Stavanger)
29.05.2016 i Tjugum kyrkje

Thomas Høines
10.07.2016 i Tjugum kyrkje

Viktoria Neset Gudvinsdottir
18.09.2016 i Tjugum kyrkje

Nikolai Sjøthun Langeteig
18.09.2016 i Tjugum kyrkje

Johan Sebastian Zela Grøneng
(høyrer til Førde sokn)
06.11.2016 i Tjugum kyrkje

Vigde

Marte Menes og Tom Lennart Sætersdal
06.05.2016 i St.Olafs kyrkje. Bur i Alversund.

Ragnhild Kråvik og Magne Årbø
02.07.2016 i Tjugum kyrkje. Bur i Tromsø.

Helen Aronsen og Just Gunvald Olsen
09.07.2016 i St.Olafs kyrkje

Dagstur til Hyllestad pinsedag 2017



Ved avskilsmarkeringa i 2015 inviterte sokneprest Audun Systad medlemene i kyrkjelyden til å vitje både han og kyrkjelyden i Hyllestad. Etter ein konkret invitasjon har Balestrand sokneråd i lag med Audun kome fram til at 1.pinsedag 4.juni 2017 kan høve bra for ein dagstur for kyrkjelyden med felles høgtids-gudsteneste i Hyllestad kyrkje, omvising i kyrkja og middag. Det vil også verte høve til å sjå kvar Audun og



Kari bur no. Det vert då ikkje sett opp gudsteneste i Balestrand denne dagen, men vi vil feire pinsa også her med gudsteneste 2.pinsedag, truleg i St. Olafs kyrkje i lag med den anglikanske kyrkja som i fjor. Primært er tanken å fylle opp og reise med privatbilar, men ut frå tal påmelde kan det også vurderast å leige buss og reise i lag. Dersom du vil vere med på turen kan du melde deg på til kyrkjekontoret, sjå s.2

Utgjevar/Avsender:
Balestrand sokneråd
Sjøtunsvegen 6
6899 BALESTRAND

Velkommen til gudsteneste

4.des, 2 s. i advent	TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Kirkens Bymisjon. Barnesamling. Kyrkjekaffi.
11.des, 3 s. i advent	TJUGUM KYRKJE kl.18.00 JULEKONSERT med lokale aktører, sjå s.26
18.des, 4 s. i advent	FJORDTUN OPPVEKSTSENTER kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap. Kyrkjekaffi.
24.des, Julaftan	BALESTRAND HELSETUN kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland.
24.des, Julaftan	SÆLE KYRKJE kl.14.00 Gudsteneste v. Kjetil Netland. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
24.des, Julaftan	TJUGUM KYRKJE kl.16.00 Gudsteneste v. Kjetil Netland. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
25.des, Juledag	TJUGUM KYRKJE kl.12.00 Høgtidsgudsteneste ved Kjetil Netland. Nattverd. Takkoffer til Norsk Luthersk Misjonssamband. Barnesamling.
31.des, Nyårsaft	ST. OLAFS KYRKJE kl.23.15 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til Vener av St. Olafs kyrkje.
8.jan, Kristi Openb.d.	SÆLE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til Alværa misjonssenter. Barnesamling. Kyrkjekaffi.
15.jan, 2 s. i openb.tida	TJUGUM kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Utdeling av biblar til 11-åringar. Oppstart minikonfirmasjon. Takkoffer til Lyngmo ungdomssenter. Kyrkjekaffi.
29.jan, 4 s. i openb.tida	TJUGUM kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til det lokale kyrkjelydsarbeidet. Barnesamling. Kyrkjekaffi.
5.feb, 5 s. i openb.tida	SÆLE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til misjonsprosjektet i Romania. Barnesamling. Kyrkjekaffi. BEDEHUSET BETEL kl.16.00 Søndagssamling. Årsmøte for bedehuset etterpå.
12.feb, Såmannssønd.	TJUGUM kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til Bibelselskapet. Barnesamling. Kyrkjekaffi.
26.feb, Fastelavnss.	TJUGUM kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til Kirkens SOS. Barnesamling. Kyrkjekaffi.
5.mar, 1 s. i faste	NESSE SAMBRUKSHUS kl.17.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til det lokale kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi. NB! Årsmøte for Balestrand sokn etter gudstenesta.
12.mar, 2 s. i faste	Bibeldag med vitjing av Anne Kristin Aasmundtveit frå Bibelselskapet: VANGSNES kyrkje kl.11.00 Gudsteneste ved Jostein Skutlaberg. Aasmundtveit deltek. Kurs i bibelforteljing for leiarar i barne- og ungdomsarbeid på ettermiddagen. BEDEHUSET BETEL kl.19.30 Kveldsmøte med tale av Anne Kristini Aasmundtveit.
26.mar, Maria Bodsk.d.	TJUGUM kl.11.00 Gudsteneste ved Runar Matsui-Li. Takkoffer til Sygna vgs. Barnesamling. Kyrkjekaffi.
2.apr, 4 s. i faste	SÆLE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til det lokale kyrkjelydsarbeidet. Barnesamling. Kyrkjekaffi.
9.apr, Palmesøndag	FJORDTUN kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland. Takkoffer til Norsk Gideon. Barnesamling. Kyrkjekaffi.
13.apr, Skjærtorsdag	SAURDALEN Friluftsgudsteneste.. Sjå nærare kunngjeringar.
14.apr, Langfredag	SÆLE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjetil Netland.
16.apr, Påskedag	TJUGUM kl.11.00 Høgtidsgudsteneste v. Netland. Takkoffer Normisjon. Barnesamling.

Det kan bli endringar. Oppdatert gudstenesteplan finn du alltid på www.balestrand.kyrkja.no